

STATUTTAR FOR KULTURPRIS I ALVER KOMMUNE

Alver kommune kan kvart år dele ut kulturpris. Prisen skal gå til einskildperson, lag eller organisasjon som har gjort ein særskilt innsats innan kultur, idrett/friluftsliv eller frivilligheit over lang tid, til beste for innbyggjarane i Alver kommune.

§1. Alver kommune sin kulturpris vert delt ut ein gong pr. år.

§2. Formålet med kulturprisen er å anerkjenne aktiv innsats innan kultur, idrett/friluftsliv eller frivilligheit over tid i

kommunen eller bidrag til å gjere Alver kommune kjend elles i landet innan dette felt.

§3. Einskildpersonar, lag og organisasjonar busett i og utanfor kommunen kan bli vurdert ved tildeling av kulturpris. Alle greiner innan kulturlivet blir rekna som jamgode.

§4 Kulturprisen gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Prisen kan unntaksvis bli delt på

fleire kandidatar.

§5. Utlysing av kulturprisen vert gjort kjend i lokalpressa og på kommunen si heimeside og sosiale medium i god tid.

§6. Alle kan sende inn eit skriftleg, grunngjeve forslag til kandidatar til kulturprisen.

Det skal gå fram av forslaget kven som har foreslått kandidaten/-ane. Kommunen kan sjølv fremje forslag på kandidatar.

Forslag må vere kommunen i hende innan 01.november.

§7. Ein komité samansett av tre representantar utgjer jury for kulturpris

- Ein representant frå Utval for oppvekst, kunnskap og kultur
- Ein representant frå Alver idrettsråd
- Ein representant frå Alver kulturråd

Ein representant frå kulturadministrasjon er sekretær for juryen.

Kulturprisen vert delt ut av ordførar.

§8. Kulturprisen er sett saman av eit diplom og eit pengebeløp/kunstgjenstand.

STATUTTAR FOR FRIVILLIGHEITSPRISEN I ALVER KOMMUNE

Alver kommune kan kvart år dele ut ein frivilligheitspris. Prisen skal delast ut til einskildpersonar eller lag/organisasjonar som har gjort ein særskilt frivillig innsats og engasjement innan kultur, idrett/friluftsliv, humanitært- eller helserealttarbeid, til beste for innbyggjarane i Alver kommune.

§ 1 . Alver kommune sin frivilligpris vert delt ut ein gong pr. år.

§2. Formålet med prisen er å markere og synleggjere frivillige og frivillig innsats innan kultur, Idrett/friluftsliv, humanitært- eller helsereelatert arbeid, og å fremje frivillig engasjement, både innan og utanfor «det utvida kulturomgrep»

§3. Lag/organisasjonar eller einskildpersonar som får tildelt frivilligpris skal ha tilknytning til Alver kommune, og ha sitt verke i kommunen.

§4. Frivilligprisen kan gjevast same person/organisasjon berre ein gong. Beløpet kan unntaksvis fordelast på fleire kandidatar.

§5. Utlysing av frivilligprisen vert gjort kjend i lokalpressa og på kommunen si heimeside og sosiale medium i god tid.

§6. Alle kan sende inn eit skriftleg, grunngjeve forslag på kandidatar til frivilligpris. Det skal gå fram av forslaget kven som har foreslått kandidaten/-ane. Kommunen kan sjølv fremje forslag på kandidatar.

Forslag må vere kommunen i hende innan 01. november.

§7. Ein komité skal vere samansett av tre representantar utgjerd jury for frivilligpris

- Ein representant frå Utval for oppvekst, kunnskap og kultur
- Ein representant frå Alver idrettsråd
- Ein representant frå Alver kulturråd

Ein representant frå kulturadministrasjonen er sekretær for jury.

Frivilligprisen vert overrekt av ordførar og kultursjef i samband med FN sin internasjonale frivilligdag. 5. desember kvart år, eller ved eit høveleg arrangement tilknytt denne.

§8. Frivilligprisen er sett saman av eit pengebeløp/kunstgjenstand